


Øy Nytt



Kyrkjeblad for Øygarden

Den glade budskap skal ut til alle!



Øygarden Gospel i friluft

Førstesidefoto: Trine Overå Hansen

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Misjonen er vår kulturarv side 4-5

Ny diakonimedarbeider.....side 7

Rapport frå Røstside 9





” éin Herre, éi tru...”

Om å bygge nye forsamlingar

Liberaliseringa av Den norske kyrkja ser ikkje ut til å bremse opp, tvert imot. Seinast er kome ei skuffande nominasjonsliste til bispevalet her vest. Den beste (og konservative) kandidaten Egil Morland står ikkje på lista til Bispedømerådet.

Det er ikkje til å undrast over at truande menneske i desse dagar ønskjer seg *forsamlingar* som står i eit friare tilhøve til kyrkja. Med dette omgrepet tenkjer ein helst i dag på noko meir enn tradisjonelle bedehusforsamlingar, for slagordet ”alt under ett tak” har fått vind i segla.

Ein kan likevel undre seg over at ikkje skipinga av nye forsamlingar har kome før. Kyrkjekrisa har jo vore ein realitet i mange år, ikkje minst gjennom heile mi prestedtid frå 1978 av.

Eg var frå tenåra midt på 60-talet med i kampen for Evangeliet. Eg feirer dette året å ha fått vere med i fulltidsteneste for Herren i 30 år. Eg har trufast stått i førstelina som prest både i Romsdal, på Sotra og no i Øygarden. Eg valde frå tidleg av å engasjere meg i Vedkjenningsrørsla i kyrkja, både i Bibel og Bekjennelse, Kyrkjeleg Fornyng og Kontaktnettet. Utanom i tradisjonelle kristne misjonsorganisasjonar som Laget, KFUK/M, Santalmisjonen, og Israelsmisjonen.

Og mens vi snakkar om forsamlingsbygging: Eg var nær opprettinga av Samråd på Kirkens Grunn (SKG) i 1990/91, og var 1998-2001 Vegleiar i Bjørgvin og Stavanger Bispedøme.

Seinast med lovene av 2000 ser vi at SKG er ei rørsle på luthersk grunn, og både ønskjer å arbeide i kyrkja, og på økumenisk basis. Men arbeidet i SKG vart lagt ned i 2004 då dei mest profilerte i leiinga hadde konvertert til den nye kyrkja vi hadde lagt grunnen til(NKK).

Eg ser det slik at SKG sin modell med ei ”sluse” mellom eit nytt kyrkjefund og Dnk likevel kan vitaliserast. Dette vil nok vere ein betre modell enn dei meir-eller mindre lausrivne lokale forsamlingar vi no ser vekse fram fleire stader. Til tross for edle motiv hjå gründerane vil nok mange av desse få problem med å halde oppe aktiviteten i lengda. Å drive ein kristen *forsamling* (*eigentleg same ordet som kyrkjelyd og sokn!*) krev t.d. ikkje bare møteaktivitet, men òg diakoni og sorgarbeid om ein skal vere truverdig. Og det å *halde ut i trufast teneste krev djup åndsfylde*. Det veit eg noko om med mi erfaring. Det er diverre altfor lett å spore av frå sann kristen tru og eit rett kristent liv. Og *teologisk kunnskap og teft* må ikkje foraktast.

Nye forsamlingar, kyrkjelydar og kyrkjer må heller ikkje føre til at splid kjem inn mellom dei som er kristne. Det er ikkje for ingenting at Den Heilage Apostel må formane dei truande i Efesos:

”Så legg eg dykk på hjartet, eg som er fange for Herrens skuld, at de må leva eit liv som er verdig det kallet de har fått: mildt, audmjukt og tolmogig, så de ber over med kvarandre i kjærleik. Gjer alt de kan for å ta vare på einskapen i Anden, i den fred som bind saman: éin kropp og éin Ande, liksom de fekk éi von då de vart kalla, éin Herre, éi tru, éin dåp, éin Gud og Far for alle, han som er over alle og gjennom alle og i alle.” (Ef.4,1-6)

For å møte alle utfordringar trengs eit breitt vedkjenningsstru kyrkjeleg alternativ, bygd på dei gamalkyrkjelege og lutherske vedkjenningskritefene si forståing av Guds Ord, akkurat som SKG la opp til. Og vi må ta med oss erfaringane frå kyrkjekampen under siste krig nedfelte i Kirkens Grunn (1942). Kanskje kan det gledelege nye tiltaket Carissimi tyde noko. Men fronten lyt nok vere breiare enn som så.

Eg trur det ville være interessant for mange truande om Norsk Luthersk Misjonsamband (NLM) ville vurdere å arbeide på same måten som SKG gjorde for 10 år sidan: Skiping av eit nytt kyrkjefund med opne liner til statskyrkja med høve til medlemskap i begge samanhenger. Gjerne òg kontakt med andre organisasjonsfolk som tenkjer i same retning, som DELK og den delen av Frikyrkja som er på tilsynsmann Thomas Bjerkholt si line.

Gløym heller ikkje i dette biletet dei mange gode kyrkjelege råd, leke tenarar og prestar som framleis står *trufaste på post – i Den norske kyrkja*.

Om nokon ikkje har fått det med seg: Hjå oss i Øygarden er det faktisk *framleis* slik at det er bibelsk forkynning og kyrkjepraksis. Det er Gud Herren Jesus Kristus som *framleis* rår i soknekyrkjene. Over heile spekteret: Frå glede til sorg, og med god kontakt med folkekyrkja – så lenge det varer.

Eg trur at NLM med sin landsdekkjande og internasjonale profil (eks.misjonsarbeidet i Kenya) kan vere ein interessant kyrkjeleg basis på vegen vidare om dei veljer den samarbeidsmodellen på landsbasis som gjeld opp mot vårt prestegjeld. Og altså dessutan skipar ei ”sluse”.

Om vi gjer dei rette grep no: Kanskje vi i neste generasjon står med eit levedyktig luthersk kyrkjefund som kan bringe Evangeliet vidare til nye slekter i vårt kjære Noreg.

Dersom vi no ikkje får opp eit breitt kyrkjeleg alternativ, er det nok fåre for at kristent og kyrkjeleg arbeid om nokre år mange stader berre duger som ei fin utstilling på bygdemuséet.



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgevar: Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
Redaktør: Margit LiljanApelthun
Kontingent: Min. kr 100,- pr. år innan kommunen
Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen
Takkeannonser: kr 100,-
Kontnr.: 3628 07 02557
Layout/trykk: Grafisk Team AS
Distribusjon i Øygarden: Hurtiglevering, Tjeldstø tlf. 98 66 53 29

Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse: Helse- og tenestenteret, Rong
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 56 38 22 40
Faks: 56 38 22 41
Vakttelefon: 56 38 22 44
E-post: kontor@kyrkja.net

Internettider: www.kyrkja.net

Ekspedisjonstid: måndag – fredag 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorsekretær Kari Sandøy Rong
e-post: kontor@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog Trine Overå Hansen
e-post: kyrkjelydspedagog@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 47

Kantor Anne Lise Grøm
kontor@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 45/91 88 12 08

Sokneprest Svann Martinsen
e-post: sokneprest@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 44

Kyrkjeverje Anlaug Børve, vikar for
Odd N. Thomodsæter
e-post: kyrkjeverje@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 43

Kyrkjene:

Blomvåg kyrkje tlf. 56 38 70 22
e-post: blomvag.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/ Kyrkjegardsarb. Kåre Kristoffersen
Mobil: 911 05 197
Klokkar: Ole Vik

Hjelme kyrkje tlf 56 38 80 30
e-post: hjelme.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/ Kyrkjegardsarb. Kjellaug og Raymond Vik

Råda:


Blomvåg sokneråd: Leiar: Olaug Merete Rong
Hjelme sokneråd: Leiar: Atle Dävøy
Øygarden kyrkjelege fellelråd: Leiar: Gustav Landro

Beredskapsordning for Vesthordland prosti tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.



Jeg vil gi deg o'Herre min lovsang
 Jeg vil gi deg o'Herre min lovsang
 Jeg vil takke deg med mine ord
 For din nåde som er uten grenser
 Og for godhet og kjærlighet stor
 Ref: Jeg vil gjøre mitt liv
 til en lovsang til deg
 La hvert tone en hyllest
 til deg være
 Og i dager med glede
 og dager med sorg
 Vil jeg leve hver dag
 til din ære.

2. Ingen annen er verdig den sangen
 Bare du, Herre, eier min sang
 Og i himmelen skal
 lovsangen lyde
 Til din ære en evighet lang
3. Og om sangen i blant skulle stilne
 Og forstyrres av uro og strid
 Herre, åpne på nytt mine øyne
 Så jeg ser at hos deg er min fred

Då eg vart spurdt om å finna ei salme som betyr noko særskilt for meg, fekk eg for meg tre singlar : «Jesus i din nærhet», «Han tek ikkje glansen av livet» og «Jeg vil gi deg o'Herre min lovsang». Dei to første sangane tek på kvar sin måte for seg glede og kvila i det å tilhøyre Jesus Kristus, medan den siste poengterar ein bestemmelse om å gje Han alt.

Sidan eg fekk eit nytt liv for omlag ni år sidan, har dette med å finne glede og freden i Herren, stått sentralt for meg. Jesus Guds son, viste oss dette til fulle, der «Han gjekk omkring og gjorde vel», og møtte alle som hadde tunge bærer å bera, med håp og glede! Ikkje den glede som verda kan by oss, men glede og freden i Herren!

Det er likevel den siste sangen eg ynskjer å dele med dykk. Denne sangen har ein særskilt viktig bodskap til oss alle, men er og ein flott lovsang tonemessig. «Jeg vil gi deg o'Herre min lovsang» handlar, for meg om å gje Herren, ikkje berre det

som høyrest greitt ut for oss, men alt! Først når ein seier: «Eg vil gje deg alt» først då får Gud rom i hjarta, og livet vert verd å leve! Johannes døyparen seier i Matt 3:11 «Eg døyper dykk med vatn til omvendning».

Orda: «Jeg vil gjøre mitt liv til en lovsang til deg, la hver tone en hyllest til deg være», må vere vårt høgste ynskje som kristne, slik at Guds vidunderlege vilje kan skje i og ved oss! I ei verd som fortonar seg mørk og utan håp for svært mange, er dette som «manna» frå himmelen. Me treng heller ikkje gå langt, men byrje med oss sjølve og late det glede vår familie og vår neste! Denne sangen fortener ein hedersplass!

Eg utfordrar herved Helga Bakken til å skrive «Min salme» i neste nr.

GAMLE BILETE FRÅ ØYGARDEN



NB! Bildet av 1. klasse 1970/71 som stod i forrige nummer var frå Blomvåg skule.

Blom søndagsring

Frå venstre: Gisle Rong, Jonny Husebø, Ketil Knarvik, Inge Mikkelsen, Frank Rong, Karine Stølsnes, Tomas Hovden, Linn Blom, Lene Rong og Anette Torsvik.



Sølvgutten frå Øygarden

Det vart stor stemning i Øygarden då Alexander Dale Oen skapte norsk idrettshistorie ved å ta OL-sølv i svømming. Det var ikkje få som hadde ofra nattesøvn for å få med seg 100-meteren då Oen svømte inn til Norges første medalje i svømming nokon gong.

Frist for stoff til ØyNytt i 2008: Nr 5: 14. oktober, Nr 6: 24. november

Misjonslandet Noreg

– Noreg har vore eit misjonsland. Av alle samfunn som har vore påverka av den norske misjonsrørsla, er det vårt eige land som er sterkast prega, seier antropolog Hilde Nielssen ved Dei kulturhistoriske samlingar, Bergen Museum.

– Misjonen er vår felles kulturarv. Den norske misjonshistoria handlar om meir enn personlig tru. Nær sagt kor eg har komen, har alle ei eller anna personlig oppleving av misjonen, fortel ho. Saman med fire andre har Hilde Nielssen forska på den norske misjonsrørsla. Forskingsresultatet er formidla til publikum i fire misjonsutstillingar i Bergen denne sommaren.

Misjonsutstilling i Bergen

Utstillingsprosjektet «Til jordens ender» tar for seg ulike sider ved den norske misjonshistoria. Prosjektet er eit samarbeid mellom Bergen Museum og Bymuseet i Bergen og presenterer utstillingar på fire museum. Til saman løfter dei fram ulike sider ved den viktige, men lite påakta delen av vår kulturhistorie: den norske misjonsrørsla.

Kulturfenomen

Frå 1800-tallets andre halvdel utvikla misjonsrørsla seg til eit stort



– *Misjonen er vår felles kulturarv. Nær sagt kor eg har komen, har alle ei eller anna personlig oppleving av misjonen, fortel antropolog Hilde Nielssen.*

kulturfenomen i det norske samfunnet. Rørsla spreidde seg over by og land, blant fattige og rike og blant unge og gamle.

I løpet av dei siste 150 åra har fleire tusen nordmenn reist ut i verda som misjonærar, og her heime har misjonsrørsla prega stadig nye generasjonar.

– Som kulturfenomen har misjonsrørsla hatt både sosiale, politiske, litterære,

visuelle og musikalske dimensjonar, og ei påverkskraft langt utover misjonsorganisasjonanes eigne rekker, seier Hilde Nielssen.

– Misjonen engasjerte seg innanfor felt som utdanning, helse- og sosialarbeid, både i utlandet og heime. Misjonen må sjåast på som del av ein større moderniserings- eller siviliseringsprosess som føregjekk parallelt i og utanfor Noreg, fortel Nielssen.

Dei gode hjelparane

Barneforeningar, barneblad, misjonsbøker og songar har engasjert titusenviis av norske barn til bønne- og hjelpeinnsats for barn i andre land i over 100 år.

Forskarane stiller spørsmål om korleis dei to hovudforteljingane «Stakkars små i heidningland» og «Jesus elskar alle barna» har forma generasjonar av nordmenns forståing av andre barn og samfunn – og av seg sjølv som hjelparar og glade givarar.

– Framleis er den gode hjelpar og glade givar ein viktig del av den norske sjølvforståinga. I utstillingane vert publikum invitert til å tenke høgt om den misjonæren som bur i oss alle, seier Hilde Nielssen.

Av Margit LiljanApelthun

Kreative skuleelevar samlar pengar til Afrika

Kreative skuleelevar ved Øygarden Ungdomsskule engasjerte i sommar kommunen, næringslivet og øygingar flest til innsats for sjuke born i Afrika.

I juni arrangerte dei ein konsert der overskuddet gjekk til Jinka-hospitalet i Etiopia. Ungdomsskulelevane satsar på å klare å samle inn 60 000 kroner til Jinka-hospitalet i år.

– Vi har enno litt igjen før vi når målet, og vil vil difor arrangere ein basar i løpet av skuleåret, fortel lærar Mette-Linda Flåten som er koordinator for Operasjon Jinka.

Heile ungdomsskulen er med på dette hjelpeprosjektet. Skulen har valgt å byta ut Operasjon Dagsverk med eit fast engasjement for Jinka Zonal Hospital i Etiopia.

– I fjor haust var det nokre elevar og lærarar som drog på vitjing til Etiopia og Jinka. Denne hausten skal vi òg reise nedover med to elever frå 10. klasse, fortel lærar Mette-Linda Flåten som er koordinator for Operasjon Jinka.

– Kommunen har stilt opp og bevilga mange pengar, og næringslivet har gitt gevinster og pengegaver til prosjektet. Det skal dei ha ros for, seier Mette-Linda.

– Vi kombinerte konserten med MOT, og Kiwi-butikken spanderte MOT-sekkar til alle 8. og 9. klassingane.



Kiwi kjøpte også kantine/storkiosk under arrangementet, og overskuddet gjekk til Jinka, fortel Mette-Linda Flåten.

MLA

Frå Øygarden til Kina

Sølvsymjaren, Alexander Oen, er ikkje den første øygardenen som har gjort seg merka blant kinesarar. Den første misjonæren frå Øygarden var August Martin Vik. Kallet førde han til Kina der han virka frå 1920-29 og Mandsjuria der han arbeidde frå 1931-39.

I 1920 var ei Kina-reise ei stor hending, og på første etappen på misjonsreisa, som gjekk frå Vik til Bergen, rodde ein stor ungdomsflokk med 24-åringen August Vik for å delta på avskiltsfesten i Bergen.

Slik synt dei einskap med utsendinga sin. Dei stod saman med han i bøn og offer, og kalla han «Gusten» heime på Vik.

– «Gusten» var veldig flink til å kommunisera og sende mange brev heim til Vik. Og soleis involverte han ungdomane heime i arbeidet på misjonsmarka, fortel Anders Vik. Ei ung lærarinne, Rakel Tokrud, kom til Blomvågen. Ho starta Blom og Sæle barnelag i 1924. Seinare trulova ho seg med August Vik. Dei var gift i Mandsjuria i 1933. Der fekk dei eit rik liv saman i teneste for misjonens Herre.

Mandsjuria-feltet

August Vik var med å opprette Mandsjuria-feltet, som då var eit nytt felt for Kinamisjonen. Mandsjuria var då eit lydrike under Japan. Misjonsstasjonen Qiqihar blei starta av August Vik i 1932. I 1936 fekk dei eigen tomt



Den første misjonæren frå Øygarden, August Martin Vik (1896-1971), reiste til Kina i 1920. Ungdomsflokken som er med på bilete rodde frå Øygarden til Bergen for å ta farvel med August Vik.

med gatekapell, bustader, bibelskule og elevinternat. Første dåp skjedde i 1934. Etter kvart fekk dei tre utestasjonar. Frå 1932-39 var han tilsynsmann på Mandsjuria-feltet. Han kom heim ein tur i 1939. Så kom krigen som hindra August Vik å reise ut att. Japan tapte Mandsjuria til Sovjetunionen under krigen, og Mandsjuria vart gitt tilbake til Kina i 1946. Då vart misjonsstasjonen evakuert.

Ville ut att

Men August Vik ville tilbake til Kina, og i 1948 la han i veg att. Då han kom til London vart han stoppa. Då var det uro i Kina og alle dei vestlege misjonærane vart kasta ut av landet.

August Vik måtte gjere vendereis. Han kjøpte seg hus på Solsvik, og reiste seinare som forkynnar i Norsk Luthersk Misjonssamband.

Av Margit Liljan Apelthun

Ei teneste større enn dei sjølve

Andreas og Kjersti Kårbø har gjort det som mange kan drøyme om. Dei tok permisjon frå jobben, reise rundt halve kloden til eit eksotisk land der dei fekk stå i ei teneste som er større enn dei sjølve.

I to år arbeidde Kjersti og Andreas ved Norsk Luthersk Misjonssambands (NLM) hovudkontor for Øst-Afrika-regionen. Kjersti var lærar på den norske skulen. Ho reiste også rundt på misjonsstasjonane og underviste. Andreas fungerte først som internatassistent og miljøarbeidar, og sidan som stasjonsrådgjevar.

Dei hadde vore på besøk i Kenya før dei reiste ut. –Vi var med på ein kyrkjelydstur. Det gjorde inntrykk, fortel dei. Og det at søstera til Andreas hadde vore misjonær, gjorde nok sitt til

at draumen fekk feste.

– Vi følte at Gud la forholda til rette og at vi gjekk i ferdiglagde gjerningar, seier Kjersti.

– Vi fekk to år permisjon, det avgjorde lengda på misjonstenesta, poengterer Andreas.

Dei budde i Nairobi, som er ein moderne storby. Men slummen var like ved. – Det er store kontrastar mellom fattige og rike, fortel ekteparet.

– Men det er eit godt fungerande kristenliv i Nairobi. 80 prosent er kristne. Kyrkja er 100 prosent nasjonal. Det som NLM enno driv er opplæring, bibelskule og evangelisering, samt radio-arbeid.

Kjersti fortel at kenyanaren reknar med Gud i kvardagen. Dei har ei anna haldning til livet. Dei har ei takksemd



Andreas og Kjersti Kårbø fortel at dei tre åra dei arbeidde for misjonen i Kenya var ei vitamininnsprøytning i livet.


som ber dei igjennom.

– Eg håper at vi klarer å bevare den takksemda vi lærte oss å få der ute, seier Kjersti ettertenksomt.

Av MLA

Ansikt du kjem til å sjå meir av i Øygarden dette skuleåret:

Beate Augestad skal vere eittåring dette skuleåret, og bur på Vik saman med ei venninne. (Anneline – som du kanskje òg kjem til å treffe på.) Beate er sporty og er glad i musikk, og kjem akkurat frå eit år på Hurdal verk folkehøgskule. Beate skal besøke barnelag og ungdomsklubbar, reise på leir og vere med på konfirmantundervisinga. Ho kjem frå Tørvikbygd i Hardanger, og gler seg over havutsikta her i kommunen. Og ho håpar du vil seie hei til henne !




Beate

Herborg Kari Bondevik (snart Evensen) utdannar seg til å bli lærar, og er eit kjent ansikt for mange øygardsværingar – ho var i team her ute for nokre år sidan. Herborg Kari likar godt å reise på barnelag og ungdomsklubbar, og seier ikkje neitakk til ein leir. Ei flott jente frå Søfteland i Os!



Herborg

Jon Amador Mandujano skal bruke tida som sivilarbeidar på å spre fryd og glede med sang og musikk i barnelag, på ungdomsklubbar og på leir. Han er akkurat ferdig på Kongshaug musikkgymnas, og er ein reeesar på gitar! (Pluss eit par instrument til...) Gled deg! Jon Amador er vaksen opp i Fyllingsdalen i Bergen.



Jon

Kva skjer for barn og unge

Blomvåg sokn

Vik søndagsskule/ -ring

Vik bedehus annankv. Søn. kl. 11.00-12.00,
3 år+ NSF, Ingrid Torsvik 56 38 93 90

Barnekoret Lyskastaren

Vik bedehus annankvar mån. kl. 17.00-17.45
4år+ / NLM, Lars Arne Vik 56 38 86 45

Jubelkoret:

Vik bedehus annankvar torsd.kl.16.45-18.00 .
4-8. kl., 1.gang 28. aug. Olaug Rong 56 38 92 78

Vik barnelag

Vik bedehus annankvar ons. kl. 17.30-18.30,
5 år+, 1. gang 24. sept.NLM, Marianne Dævøy
56 38 87 95

Gutten

Vik bedehus annankvar ons. kl. 17.00-18.30,
5 år+, Normisjon, Ragnhild Martinusen
56 38 76 04

Yngres

Vik bedehus annankvar fred. kl. 19.00-21.00,
5. kl.+, Erling Vik 56 38 89 63

Rong

Rong bedehus annankvar søn. kl. 16.30-18.00,
1. gang 7. sept.
For heile familien. Søndagsskule og Søndagsring
fra ca. kl. 17.00
Kari Sandøy Rong 56 38 76 31

Blomvåg søndagsskule /-ring

Blom bedehus annankvar søn. kl. 11.00-12.00,
NSF, 2 år+ : Olaug Rong 56 38 92 78
Linda Blom 56 38 73 97

Barnelaget Blink

Blom bedehus annankvar ons. kl. 17.00-19.00,
4 år+, NLM, Magnhild Drange

Oen søndagsskule

Oen bedehus annankvar ons. kl. 17.30-19,
3 år+, NSF, Else Rossnes 56 38 71 98

Onsdagsklubben

Oen bedehus. Annankvar ons. kl.17.30-19.00.

Linn Karin K. Andersen 56 38 80 09

Hjelme sokn

Tjeldstø søndagsskule/-ring

Tjeldstø bedehus annankvar søn. kl. 11.00-12.00,
3 år+, NSF, Sølvi Dævøy 56 38 94 39

Sæle og Hellesøy søndagsskule/ -ring

Hellesøy bedehus ca. annankvar søn. kl. 11.00,
3 år+, NSF, Ingrid Sandøy 56 38 82 24

Nautnes kristelege ungdomsklubb

Nautnes bedehus den siste fre. i mnd, 19.00-
21.00: 5-7 kl, 21.00-23.00: 8 kl.+ ,1. gang
29.aug. ImF,
Annlaug Børve 56 38 94 81

Begge sokna

Øygarden KRIK Toftøy skule kvar fre.
kl. 19.00-21.00: 8.-10. kl. Thea T. Ophaug
47 86 10 31

Øygarden gospel Oppstart 1. sept Blomvåg
kyrkje kvar mån. kl. 19.00-21.00, 8. Kl.+,
kyrkjelydsped. 56 38 22 47

Familiekoret i Øygarden Skjærgardsheimen,
annankvar tors. 17.30-19.30,1. gang 21. aug.
Olaug Hatten 56 38 77 19

Øygarden kr. skulelag Øygarden
ungdomsskule, formingssalen, samling ons.

kl. 11.05, 8. Kl.+,
NKSS, kyrkjelydsped. 56 38 22 47

Ichty's. Ung.treff på Vik bedehus annankvar laur.
i partalsveker,

kl. 20.00 8.kl.+
Oppstart 30. aug.

Barnekantoret

Alvheim Skule,
fre. frå 13.00-
14.15,

1. gang 29. aug.
Kontaktperson

Anne Lise Grøm
tlf. 56388222

Hei alle de som går på Øygarden ungdomsskule!

Veit du at det er noko som heiter "skulelaget"? Og at det er andakt på skulen kvar onsdag?

Norges kristelige student og skuleungdomslag har ein avdeling på Øygarden ungdomsskule. Det er nokre ungdommar frå 8., 9. og 10. klasse som utgjer eit styre. Dette styret gjev deg som er elev på ØU eit tilbod kvar onsdag i matpausen, då kan du nemleg få med deg ein kort andakt, ein ettertanke inn i kvardagen. Det er då anten ein frå teamet som held andakten eller ein annan som kjem på besøk. Kvar onsdag samlast ein gjeng på formingssalen og det er plass til fleire..

Den som har fått tak i noko godt vil gjerne at andre skal får smake det same! Det er det skulelaget gjer.

Velkomen innom på andakt på onsdag kl 11.05

Leirar skuleåret 2008/2009:

Skjærgardsheimen: Lør.13.-søn.14.sept. **3.-4.klasse**
Fre.24.-søn.26.okt ... **6.-7.klasse**
Lør.17.jan.:leirdag ... **1.-2.klasse**
Fre.6.-søn.8.feb..... **8.-10.klasse**
Lør.14.-søn.15.mars. **5.klasse**

For påmelding: ring kyrkjekontoret på **tlf.:** 56 38 22 40 eller send **e-post:** kontor@kyrkja.net



Jubelkoret Våren 2008

Jubelsong

Jubelkoret startar oppatt øving TORSDAG 28. august kl 16.45-18.00 på Vik bedehus. Frå 4. klasse til 8. klasse.

Gamle og nye er hjarteleg velkomne!!!



Øygarden barnekantori

Alvheim skule kvar fredag kl. 13.00–14.15

Koret er for barn frå 3. klasse og oppover.

**Vi syng mange slag sengar.
Pause m. saft / kjeks og leik**

Dirigent er kantor Anne Lise Grøm
Første øvingsdag: fredag 29. august



Øygardskoret

Blomvåg kyrkje kvar tysdag kl. 19.30–21.30

Koret har eit breitt repertoar med sengar frå kyrkjemusikk til viser. Kaffipause.

Dirigent er kantor Anne Lise Grøm
Første øvingsdag : tysdag 9. september

Kunngjering

Søndag 14. september går vi den gamle kyrkjevegen frå gamle Hjelme kyrkje til Hellesund. Vi startar kl. 16.00. Ta gjerne med kaffi og noko å bita i.

Søndag 19. oktober vert det middag og sosialt samver i Hjelme kyrkje etter gudstenesta. Middagen kostar kr. 80 for vaksne, og er gratis for born.

Ny diakonimedarbeider

Sykepleier Bjørg Blom er ansatt i 20 prosent stilling som diakonimedarbeider i Øygarden prestegjeld.



Bjørg Blom

– Det er ei lita stilling, og vil i første omgang dreie seg om besøkstenesta. Eg skal vere eit bindeledd mellom folk og kyrkja. Kyrkja vil imøtekomme behova for dei som fell av lasset på grunn av sjukdom eller anna og ikkje klarer å kome seg til gudsteneste eller til forsamlingar, fortel Bjørg. – Vi treng alle, til tider, å ha nokon å snakke med, og då kan dei som ønsker besøk, ta kontakt med

Kyrkjekontoret, så vil eg kunne ta kontakt og avtale eit besøk. Tenesta mi er sjølv sagt underlagt taushetsplikt, seier ho.

– Diakoni handlar om å ta vare på

heile menneske. Kropp, sjel og ånd, fortel Bjørg. Ho presiserer at ho ikkje er ansatt som diakon, som er ei eiga utdanning innan sjukepleie, men ho er ansatt som diakonimedarbeider. Kyrkja er pålagt å drive diakonalt arbeid, men ikkje alle prestegjeld har det.

Denne stillingsprosenten er soleis ei nyvinning i Øygarden.

Fleire nye navn

Anlaug Børve er komen inn som vikar for kyrkjevevjerje Odd N. Thormodsæter denne hausten. Ho bur på Skjold, er gift og har tre born. Til vanleg arbeider Anlaug som jurist i kommunen.




Anlaug Børve



**Trine Overå
Hansen**

Trine Overå Hansen byrja som kyrkjelydspedagog i Øygarden. Ho bur no på Veslevarden på Rong med mann og 3 born. Trine har utdanning i nordisk og jus frå UIB, kristendom og menighetspedagogikk frå NLA.



Kjellaug Vik

Raymond og Kjellaug Vik som bur på Vik, har gått inn i arbeidet som kyrkjetenar/ kyrkjegardsarbeidar i Hjelme kyrkje. Dei deler ei 80 prosent stilling.



Raymond Vik

**Kjøp kjapt,
trygt
og billig**

KIWI mini
pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Opent man.-fred. til kl. 21.00

Lørdager til kl. 20.00.

**Det er vi
som bygger Øygarden**

**ØYGARDEN
BYGGSENTER**

**TH
BHAS BYGG**

**NORGESHUS**
Øygarden
Boligutvikling as

Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09

Adr. Påluneset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personer.

Kan levere mat til alle

Arrangerer bryllup,

anledninger.

konfirmasjoner og andre

Middag, koldtbord og smittar.

tilværingar.

Tlf. 5638 9380

Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Mobil: 90 59 90 59

BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP



Berntsen, 26, 5018 Bergen

Tlf. 55 21 44 50

• PERSONALT
• FURTING
• BLOMSTER
• MONTERING



• En del av Koba Christensen gruppen



Asane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakttlf.: 5518 9000

Solstrands Begravelsesbyrå



Berntsen Plass 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Rossnes Taxi

Magne Ingvold Rossnes.

Tilringing av turar på

tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid

5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

Sotra Omegn

BEGRAVELSEBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume | samme hus som Ligningskontoret |

Rapport frå Røst

Gode øygardinger;

Mange er klår over at me er nokre personar som held på med å innreia andre etasje i fiskarheimen på Røst.

Utgangspunktet var at me var to personar frå Bergens-distriktet som var beden om å vera med som hjelpemannskap under Lofotfiske-sesongen 2007. Dette sa me ja til – utan at me visste kva dette gjekk ut på.

Me såg at andre etasje i bygget – som inneheld 8 rom, stod uinnreia – samstundes var det stort behov for overnatting. Me bestemte oss for å opprusta desse romma. Eit ombyggings-arbeid der materiellkostnadene var kostnadsrekna til 1,4 mill. kr.

I Lofotfiske-sesongen 2007 var det ca. 500 fiskebåtar og i 2008 ca. 450 båtar som hadde sin stasjon på Røst. I sesongen er det eit yrande liv av fiskarar og fiskearbeidarar, og mange brukar Fiskarheimen som ein heim der dei kan få stetta sine behov for mat, klesvask, dusj, forkynning av evangeliet, sosialt samvær, m.m.

Fleire av øygardingane har fått brev med spørsmål om økonomisk hjelp til dette prosjektet, og mange øygardingar har vore med og hjelpt, samtidig som det også vart teke opp kollekt i Blomvåg og Hjelme kyrkje.

Pr. i dag har me fått inn i overkant av kr 700.000,- og me har fått materielt utstyr for ca. kr 300.000,-. Mesteparten av det økonomiske behovet er derfor oppfylt. Det er brukt ca. 2000 dugnadstimar på arbeidet, og me har hatt 3 arbeidsperioder til Røst. Støtte til prosjektet kan framleis gjevast på kto. 4509.24.79300.

Me tek no sikte på å ha ein ny arbeidsperiode i perioden 25.08 - 05.09, då mesteparten av arbeidet er forventa å verta ferdig – under føresetnad av at vi får midlar til arbeidet.



Fiskarheimen på Røst vil framstå som eit nytt og betre velferdstilbod både til fiskarar og pårørende, og som turisttilbod i sommarsesongen, med 6 nye rom.

Eg vil difor takke folket i Øygarden for den støtte og hjelp som er vist til dette arbeidet, støtten er ikkje mindre enn imponerende - takk!

Fiskarheimane har vore eit kjærkome tilbod til velferden til fiskarane. Det er ein samlingsstad medan ein er heimefrå. Dette er noko fiskarane framleis set pris på og er takksame for.

Vik, den
12.08.08.

*Med venleg
helsing,
Ingolf
Solvik*

Eldretreff

Blomvåg torsdagar i
kantina på Tednebygg
omsorgscenter **kl. 16:00**

18. september
16. oktober
20. november
11. desember

Hjelme onsdagar i
kyrkjelydssalen i Hjelme
kyrkje **kl. 16:45**

17. september
15. oktober
19. november
10. desember - fest

OLA HOVDENS LEGAT

Etter statuttane er det ungdom frå tidlegare Hjelme kommune

som har høve til å søkja støtte til høgare utdanning. "Under elles like vilkår skal dei gå føre som tek sikte på høgare utdanning i 4 år eller meir ved høgskule, universitet eller anna utdanningsinstitusjon, medrekna slik som gjev praktisk utdanning" (sitat statuttane) Søknadsskjema kan du få ved å venda deg til Øygarden kommune v/sørviskontoret, eller på kommunen si nettside under "søknadsskjema"

(www.oygarden.kommune.no)

Søknadsfrist er 31. oktober 2008

- styret -



5334 HELLESØY

TLF: 56388008/47755570

ORG.NR.984589565

e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :

MAND.-TORSD.. 900-1700

FRED.....900-1900

LØRD.....900-1500

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMER.

Perspektiv på livet

Som telefonvakt hjå Kirkens SOS kan du bidra til at andre får det betre, samstundes som du får perspektiv på livet.



Vi søker kvinner og menn over 20 år som har orden på livet, tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg. Les meir på www.kirkens-sos.no eller ring 55 32 58 45

SparebankenVest

- satser på Vestlandet

Vi tilbyr ferdige middagsrettar
og nysteikte bakervarer

SPAR 
RONGEBUA

• **Post i butikk**

Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER

Velkommen til oss



Catering:

- Varm Mat
- Boller
- Kaffepauser
- Kaker

Rong Kafe a/s

Tlf. 56 38 74 34

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 nye solbriller eller solbrill med fargekontakt. Du anger i vår bringer!

Vi betaler også solbriller og briller

B-P-S Solutreige

v/Arvid Rong 5337 Rong
56 38 71 40 (tlf) 56 38 71 33

Mobil: 918 36 238

TIMEBESTILLING 56 38 73 90



RONG SENTER

Egne priser for pensjonistar

Langøpe torsdag.

Høstens nyheter

Mand-fred 10-18
Lørd 10-18
Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99




RONG SENTER

PRIORI
biologisk skinncreme

Prøv det mest aktive øyeserumet på markedet!

Med Idebenone



Sterk antirynke effekt!

Forebygger og bedrer:

- Rynker & pigmentering
- Poser under øynene av vann eller fett

Introduksjonspris:

- 25%
kr 491,-
(norm. 656,-)




Kombinerer både Idebenone, AHA, A-vitamin m.m.

Velkommen til oss:

**ØYGARDEN HUD
& KROPPSPLEIE**

Rong senter • 56 38 95 15

Nye revolusjonerende produkter mot
RYNKER og PIGMENTFORANDRINGER



- Stort utval av godbiter frå vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m/EU-kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Moderne vaskehall
- Kaffiavtalen
- Gass



**BLOM
SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted

Øygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40 - Faks: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no



TORSVIK

ELEKTRISKE AS


Torsvikveit - 5337 RONG

Installasjon, vedlike, bygg
Data- og telenett
Ålternativt
Automatiseringsnett
Elektronikk
Elektrisk foring

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon 922 34 062

www.torsvik.no




**Harkestad
Betong AS**

Utsalg på Straume
Tlf. 56 38 25 70

Betong og betongprodukter

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5300 TJEILDSTO



**Malvin
Harkestad
& Sonner AS**

Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

GUDSTENER

7. sept. Hjelme kyrkje kl. 16:00 Familiegudsteneste v/ Svann Martinsen. Søndagsskulens dag.

Utdeling til 5. klassingar

14.sept. Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste v/ Nils Arne Lavik og Svann Martinsen Søndagsskulens dag.

Utdeling til 5. klassingar. Dåp.

21.sept. Hjelme kyrkje kl. 11:00 Konfirmantpresentasjon-gudsteneste v/ Svann Martinsen. Song av Øygarden Gospel.

21.sept. Blomvåg kyrkje kl. 17:00 Konfirmantpresentasjon-gudsteneste v/ Svann Martinsen. Song av Øygarden Gospel.

28.sept. Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Egil Hjortland. Song av Øygardskoret. Nattverd

5.okt. Hjelme kyrkje kl. 16:00 Høgmesse v/ Egil Hjortland. Nattverd. Startar med kyrkjekaffi

12.okt. Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste v/ Svann Martinsen.

12. okt. Hjelme kyrkje. kl. 17.00. Salmekveld med servering av kaffi.

19.okt. Hjelme kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste v/ Svann Martinsen. Song av Øygarden barnekantor.

26.okt. Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Bots og bededagsgudsteneste v/ Egil Hjortland.

2.nov Hjelme kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Svann Martinsen. Nattverd

Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 50 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.



Vi formidlar blomster til innland og utland



Blomsterbua

Rong senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

Bokhandelen som setter kristen
litteratur og musikk i fokus



Bok & Media, Vestbok

Veitvoldsalmenningen
Tlf: 56 31 79 63
post@vestbok.no
www.vestbok.no

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Døypte

Blomvåg:

Niklas Åsheim Giertsen, Torsvik
Synne Liqiao Haugetun Hitsøy, Moldbrekkene
Lucas Rong, Rossnesvegen
Sander Hjartøy Fjellstad, Veslevarden
Preben Saksvik, Austemarka
Stefan Torbjørnsen Rong, Moldbrekkene
Håvard Rong Sæle, Veslevarden
Mathilde Hennø, Straume
Mathilde Rykke, Karmøy
Marta-Elise Flåten-Fjeldstad, Tjeldstø
Anders Flåten, Blom

Hjelme:

Jonas Solbakk Alvheim, Ådnevik
Nathalie Solberg Kvalvik, Nautnes
Johsander Nordvik, Os
John-Kåre Sanden, N.Sæle

Døde

Hjelme:

Jakob Hjønnvåg, Bergen f. 1921
Harald-Karl Tjong, Nordvik f. 1915

Blomvåg:

Ole Bertin Tellnes, Torsvik f.1921
Sandra-Helen Langhelle, Ågotnes f. 2008

Vigde.

Blomvåg:

Anne Kari Vik og Mengesha Shetta
Katrine Fjellstad Risløw og Cato Risløw (kirkevelsignelse)
Benedikte Vedlar og Tommy Andre Eriksen

Hjelme gamle:

Trine Hovden og Jesper Nielsen

TIL LUKKE

70 år.

4. sept. Nils Magne Rong, Rong
13. sept. Rolf Toft, Toft

75 år:

23. okt. Norvald Artur Hellesøy, Hellesøy
30. okt. Gerhard Sture, Tjeldstø

80 år:

22. sept. Leif Andreas Sagstad, Nautnes
23. sept. Kristina Sæle, Blom
29. sept. Randi Fjeldstad, Tjeldstø

85 år:

15. sept. Klara Breivik, Breivik
25. sept. Karen Kristine Torsvik, Torsvik
21. okt. Theodor Malvin Oen, Oen

90 år:

9. sept. Olga Bjorøy Vik, Vik
22. sept. Sally Hennø, Hernar
5. okt. Marta Helena Rong, Tjodnarvegen
24. okt. Alfred Herdlevær, Herdlevær

Takkeannonse

Vil på denne måten retta ein stor takk til dåke alle som gleda meg med gåver, blomhelsingar, telefonar og sms'ar i høve 60-årsdagen min. Hjarteleg takk!

Mvh Halvard Flåten

Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG

B
NORGE



DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE
Øy Nytt

P.P.

Song og musikk

under open himmel

Bileta er frå utekonserten til Øygarden Gospel 13. juni 2008. Det var ein flott konsert med mykje fin song og musikk. Véret var upåklageleg, og etter konserten stoppa mange att for å eta grillmat, ta ein kopp kaffi og ein liten prat.

Øygarden Gospel!

1. september startar endelig Øygarden gospel igjen =)

Blomvåg kyrkje måndag kl. 19 - 21.
Det blir gratis pizza første øving.
Kafé og mykje sosialt.

Kom og bli med!
8. klasse ++

Dirigent: Julie A. Rong

